

Vi treng fleire lesarbilete.**22.08.2016**

To gode kompisar på skjeret(Foto: Frode Sæbø)

Gjennom godt og vel halvanna år har vi presentert nær 300 bilete som vi har fått frå lesarane i spalta vår Lesarbilete. Meir enn 30 lesarar har vore svært flinke med å senda oss bilete. No byrjar lagermappa vår å tømast, og vi treng fleire. Derfor oppfordrar vi lesarane til senda inn bilete.

Bileta kan vera av ulike kategoriar. Flotte natur og turbilete høyrer sjølvstapt med. Biltete som er tekne i nær fortid slik at ein kan kjenna att personane, og samtidig sjå forandringar, er populære. Eigentleg ønskjer vi bilete av eit breitt spekter. Statistikken viser at mange av lesarane våre ser innom spalta og har glede av den.

Vi håpar på god respons slik at vi også framover kan presentera lesarbilete med jamne mellomrom. No kjem det nytt bilete annankvar dag. Send bileta til uskedalen.no@gmail.com. Hugs namn på fotograf, og skriv gjerne med bilettekst.

Vi takkar mykje for hjelpa!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.